

Verksemdsplan for PPT Suldal 2016-2017

**”Me har fokus på sterke sider,
læring og utvikling”**

Det finst ikkje vanskelege barn, bare barn som har det vanskeleg!

Suldal august 2016

1. GRUNNLAG

Pedagogisk-psykologisk teneste i kommunen er heimla både i Opplæringslova § 5.6 og i Barnehagelova § 19 c.

Frå august 2016 har PP-tenesta fått utvida sitt mandat til også å arbeide med kompetanse- og organisasjonsutvikling i barnehagen.

Opplæringslova § 5-6. Pedagogisk-psykologisk teneste

Kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Den pedagogisk-psykologiske tenesta i ein kommune kan organiserast i samarbeid med andre kommunar eller med fylkeskommunen.

Tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det.

Barnehagelova § 19 c. Pedagogisk-psykologisk teneste

Kommunens pedagogisk-psykologiske teneste er sakkundig instans i saker om spesialpedagogisk hjelp. Den pedagogisk-psykologiske tenesten skal sørge for at det blir utarbeidd lovpålagte sakkundige vurderingar.

Den pedagogisk-psykologiske tenesten skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å tilrettelegge barnehagetilbudet for barn med særlege behov.

Opplæringslova og Barnehagelova gir også føringar for kva den sakkunnige vurderinga skal innehalde:

Opplæringslova § 5-3. Sakkunnig vurdering

Før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak om spesialundervisning etter § 5-1, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova til eleven. Vurderinga skal vise om eleven har behov for spesialundervisning, og kva for opplæringstilbod som bør givast.

Den sakkunnige vurderinga skal blant anna greie ut og ta standpunkt til

- eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbudet*
- lærevanskar hjå eleven og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa*
- realistiske opplæringsmål for eleven*
- om ein kan hjelpe på dei vanskane eleven har innanfor det ordinære opplæringstilbudet*
- kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod.*

Barnehagelova § 19 d. Sakkundig vurdering

Før kommunen eller fylkeskommunen fatter vedtak om spesialpedagogisk hjelp, skal det foreligge en sakkyndig vurdering av om barnet har særlige behov for spesialpedagogisk hjelp.

I den sakkyndige vurderingen skal det utredes og tas standpunkt til blant annet:

- a) om det foreligger sen utvikling og lærevansker hos barnet*
- b) realistiske mål for barnets utvikling og læring*
- c) om barnets behov kan avhjelpes innenfor det ordinære barnehagetilbudet*
- d) hvilken type hjelp og organisering som vil bidra til barnets utvikling og læring*
- e) hvilket omfang av spesialpedagogisk hjelp som er nødvendig, og hvilken kompetanse de som gir hjelpen bør ha*

PP-tenesta arbeider også med spesialundervisning i vaksenopplæringa. Dette er heimla i Opplæringslova § 4a-2:

Vaksne som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne, har rett til spesialundervisning. Vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleik, har rett til slik opplæring.

Melding til Stortinget 18 (2010-2011) Læring og fellesskap seier mykje om forventningar til PP-tenesta:

- Samarbeid og samordning av tenestene, bidra til heilskap og samanheng
- Ei tydeleg og tilgjengeleg teneste, tettare på barnehage og skule
- Meir førebygging og tidleg innsats
- Meir systemretta arbeid, kompetanse- og organisasjonsutvikling
- Bidra med kompetanse, rettleiing, råd og hjelp til barnehagar, skular, foreldre, barn og elevar
- Råd og rettleiing i klasseleiing, pedagogisk leiing, læringsmiljø, spesialpedagogisk didaktikk
- Kompetanseutvikling, særleg på læringsmiljø, problematferd og samansette lærevanskar
- Analysere konteksten rundt det einskilde barn
- Evaluering av enkeltelevar sine individuelle opplæringsplanar
- Kortare tid på sakkunnige vurderingar
- Betre informasjon til føresette om rettane deira og om tenestetilbodet i kommunen
- Vurdering av behov til barn og unge med ulik språkleg og kulturell bakgrunn

Utdypande opplysningar og rettleiar for PPT sitt arbeid finn du her:

<http://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/>

NOU 2:2015 «Å høre til» foreslår å endre PPT sitt mandat til å gjelde utviklingsarbeid med tanke på alle elevar, ikkje bare for dei med spesialundervisning. Dette er enno ikkje vedtatt (august 2016)

<https://www.regjeringen.no/contentassets/35689108b67e43e59f28805e963c3fac/no/pdfs/nou201520150002000dddpdfs.pdf>

2. PPT SIN VISJON

”Me har fokus på sterke sider, læring og utvikling”

I dette legg me mellom anna at PPT har tru på at alle kan lære og utvikle seg, og at me ønskjer å ha fokus på sterke sider hos barna/elevane. Løysingar og tiltak må alltid ha som mål å fremje utvikling og læring.

Me har også tru på at dei vaksne kan lære og utvikle seg. Me ønskjer sjølv å vere ein lærande organisasjon, og vere med å bidra til at barnehagar og skular også blir det.

3. VERDIAR

UTOVERRETТА ARBEID

- Respekt

Ingen barn eller foreldre skal bli sett på eller omtalt som problembarn eller problemforeldre. Barn og foreldre skal bli møtt med respekt.

- Relasjon og kontekst

I arbeidet på PPT legg me til grunn ei forståing av at barnet lever i ein kontekst, og at ein ikkje kan sjå på barnet «som problem», men sjå vanskar i samanheng med barnet sine omgjevnader og dei som har ein relasjon til barnet. Utgangspunktet vårt er at det finst ikkje vanskelege barn, bare barn som har det vanskeleg.

- Å bli høyrte

I PPT ønskjer me særleg å ha fokus på at eleven skal vere informert om det som skjer, og at elevens stemme skal komme fram.

INTERNT PÅ PPT

- Tryggleik, respekt for kvarandre og ei open haldning
- Å kunne samarbeide og nyttiggjere kvarandre sin kompetanse
- Å spille på lag og vere samkøyrt

4. KOMMUNEN SINE MÅL, STRATEGIAR OG TILTAK

Det er vedtatt ny kommuneplan for Suldal kommune 2015-2024. Kap. 4 "Kunnskapssamfunnet" handlar om heile oppvekstsektoren. Handlingsprogram og budsjett byggjer på denne, og gjeld for fire år, men blir rullert kvart år.

MÅL: «Alle barn og unge i Suldal opplever læring og meistring i eit inkluderande og trygt miljø kvar dag.»

Hovudstrategiar:

- Kvalitet i alle ledd
- Alle barn skal bli raskt inkludert i barnehage, skule og fritid
- Førebygging og tidleg innsats
- Aktiv nytte av foreldra som ressurs
- Koordinering og samarbeid
- Medverknad frå barn og unge
- Stimulere til fysisk aktivitet hjå barn og unge

5. MÅL OG SATSINGAR I HAUGALANDSLØFTET

“Haugalandsløftet skal bidra til at barn og unge får utnytte sine ressursar og bli godt inkludert i det ordinære opplegget i barnehage og skule”. Sjå www.haugalandsloftet.no

Det er fire hovudområde ein jobbar med:

- Kompetanseheving
- Kvalitetssikring
- Fornyng/forenkling
- Tverrfaglig og fleirfagleg samhandling

Haugalandsløftet varer til 2017. PPT har ei nøkkelrolle i dette arbeidet, og ønskjer å sette søkjelyset på kva ein kan gjere med spesialundervisninga i Suldal: Korleis kan kommunen arbeide systematisk for å få ned dei høge tala på spesialundervisninga? Korleis kan barn/elevar bli mest muleg inkludert i ordinær opplæring på ein god måte? Korleis gjere barn/elevar mest muleg sjølvstendige og uavhengige av vaksnehjelp? Korleis kan ein tidlegast muleg fange opp og førebyggje vanskar?

Ei prosjektgruppe har ansvar for å følgje opp arbeidet. I denne sit kommunalsjef, prosjektleiar, barnehage/skulerådgjevar, ein styrar, ein rektor, ppt-leiar, representantar for Utdanningsforbundet og Fagforbundet, og ein representant for bibliotekenesta.

6. INTERNE STRATEGIAR PÅ PPT

For at PPT skal fungere greitt som ei eining, er me avhengige av å ha gode rutinar som fungerer i kvardagen, og å ha god og brei nok kompetanse til å utgreie einskildsaker og til å rettleie elevar, foreldre, barnehage og skule.

Me ønskjer å ta utgangspunkt i James Nottingham sine punkt for endringsarbeid:

1. Visjon/mål
2. Mentale modellar
3. System og struktur
4. Hendingar
5. Handlingar

Me ønskjer å starte øvst på lista, då det gir størst effekt. Ein må vite kva ein vil (visjon/mål) og streve etter felles forståing (mentale modellar). Gode rutinar i samsvar med dette er "olje i maskineriet". Me vil ha kontinuerlig fokus på dette, og tek gjerne imot tilbakemeldingar.

Det er no politisk vedtatt at PP-tenesta i Suldal og Sauda skal slåast saman. Suldal skal vere vertskommune. Det blir hausten 2016 arbeidd med å tilsette leiar. Oppstart vil bli i 2017 når ny leiar er på plass.

Me arbeider med å gjere saksbehandlingstida kortare (maks 3 mndr). Me ønskjer å kunne seia noko om tiltak så tidleg som muleg av omsyn til eleven si utvikling. Dersom utredninga tek lang tid, vil me antyde tiltak i ein foreløpig sakkunnig uttale i påvente av den endelege uttalen.

7. TILSETTE

Aslaug Fardal 100%

Eldbjørg Frantzen Hebnes 50%

Vilde Skau Digranes 60%

Eva Songe Paulsen 100%. Leiar.

8. KOMPETANSE OG REKRUTTERING

PPT har i dag kompetanse på desse fagområda:

- Språkvanskar
- Lese- og skrivevanskar
- Matematikkvanskar

- Emosjonelle og sosiale vanskar, psykiske vanskar
- Utviklingsvanskar, bl.a. autismspekterdiagnosar

Det er nye og høge forventningar til PPT (Jfr st.mld.18). PPT skal rettleie pedagogar og lærarar, og det er forventa at me skal ha høgare kompetanse enn dei me skal rettleie, kompetanse på barnehage og skule som system, læreplanar og det som skjer i møte mellom pedagog og barn/elev. Me ser difor at det er heilt nødvendig å ha fokus på kompetanse i tida framover. Det er både gjennom Haugalandsløftet og statleg satsing på etter- og vidareutdanning («Sevu-PPT») tilbod om kompetanseheving. PPT ønskjer så langt me kan å delta på det som er relevant og viktig. Me vil også sjå etter høve for hospitering ved andre PPT-kontor som har kompetanse dei kan dele med oss.

Kommunen har i dag ikkje eigen logoped eller synspedagog. Denne tenesta kjøpar me frå eksterne aktørar etter behov. Teneste frå hørselspedagog blir kjøpt frå Haugesund kommune (fast avtale).

I løpet av nokre år vil det bli behov for nye folk på PPT. Ein må framover tenkje rekruttering og kva kompetanse ein har trong for. Det kan vere ein god strategi å utdanne fagkompetanse internt i kommunen då det kan vere vanskeleg å rekruttere rett kompetanse utanfrå. Me ønskjer også at det skal vere muleg å overlappa når det skal nye personar inn i stillingane.

Det er ikkje lovfesta bestemte krav til kompetanse for personale som skal arbeide i PPT. Dei som arbeider i PPT kan difor ha ulik universitets- eller høgskuleutdanning. Dersom ikkje PPT har eigen kompetanse som er nødvendig i utredninga, må slik kompetanse hentast inn utanfrå. God/rett kompetanse er ein føresetnad for å kunne levere forsvarlege sakkunnige vurderingar. Dette har skuleeigar ansvar for (Opplæringslova § 10-8).

9. INTERNT OG EKSTERNT SAMARBEID

- PPT-avdelingsmøte
Møte med alle på PPT kvar veke (vanlegvis måndag), der ein saman drøftar utgreiingar og tiltak, individuelle og systemretta tiltak, samt systemarbeid internt på PPT.
- Oppvekst-team
Møte mellom barnehage eller skule og PPT, barnevern og helse. Drøfting av saker som ikkje er tilmeldt PPT eller barnevern. Sakene blir drøfta med samtykke frå føresette eller i einskilde tilfelle anonymt. Alle barnehagane og skulane skal ha oppvekst-team minst to gonger i året. Ein frå PPT deltek på møta.
- Koordinerande eining (KE)
Møte med oppnemnte personar frå ulike tenesteområde (helse, heimeteneste, barnevern, PPT, NAV). Drøfting av saker som gjeld personar med behov for tenester frå fleire område, der det er behov for koordinator og/eller individuell plan. Klienten er med på møta der saken blir lagt fram. KE har og ansvar for kvalitetssikring og utvikling av systemet.
- Samarbeid med barnehage
 - o PPT deltek i styremøte for barnehagane ca ein gong i månaden.

- PPT deltek i foreldremøte saman med barnehagen i dei tilfella der barnet har spesialpedagogisk hjelp, og andre møte ved behov.
- Samarbeid med skulen
 - PPT deltek i rektormøte for skulane ca ein gong i månaden.
 - PPT deltek i møte med rektor, lærarar, foreldre og elevar, og andre møte ved behov.
 - PPT arrangerer nettverk med skulane, t.d. Zippys venner etter behov.
- Samarbeid med vaksenopplæringa
Vaksenopplæringa har spesialundervisning på grunnskulen sitt område etter opplæringslova § 4a-2. Vaksenopplæringa er ei eiga eining. PPT samarbeider med vaksenopplæringa etter behov.
- Samarbeid med 2.linjetenesta og spesialisthelsetenesta
 - Statped/BUP/Habiliteringstenesta: Løpande samarbeid i utgreingar i høve einskilde barn/elevar.
 - PPT/ Statped/BUP: Leiarane for PPT møtast saman med Statped og BUP nokre gonger i året. Ein får då rettleiing på anonymiserte case som er sendt inn på førehand.
- Interkommunale nettverk
PP-leiar nettverket Haugalandet: Leiarane for PPT på Haugalandet møtast 3-4 gonger i halvåret for å arbeide med felles utfordringar og kompetansetiltak.
- PP-leiar nettverket Rogaland: leiarane møtast ein til to gonger i halvåret saman med fylkesmannen i Rogaland.
- KLARE-nettverket: For arbeid med barn med autismespekter-diagnose. Saman med kommunane på Haugalandet.

10. PPT SITT ARBEID

Føresette, elev, pedagog/lærarar, styrar/rektor eller andre vaksenpersonar rundt eit barn kan ta kontakt med PPT for å få rettleiing i problemstillingar rundt eit barn/elev. Rettleiing i forhold til eit barn/ein elev skal alltid skje i samråd med og etter samtykke frå føresette/elev.

Barnehage/ skule kan også ta kontakt for å få rettleiing i høve samspel i grupper av barn/elevar, t.d. når det gjeld mobbeproblematikk. For barn med spesialpedagogisk hjelp, skal PPT alltid gi tilbod om foreldrerettleiing.

Barnehagelærar/lærar kan også be om rettleiing i høve eitt eller fleire barn/elevar når det er vanskar i relasjonen med eleven eller føresette, eller det er vanskeleg å gjennomføre tiltak. Hugs samtykke frå føresette/elev.

RETTLEIING

Det er frå 1. juli 2013 presisert i opplæringslova (§5-4) at tiltak skal vere prøvd ut innanfor ordinær opplæring i skulen før ein elev blir tilvist til PPT. Me ønskjer at både barnehage og skule

skal ha rettleiing frå PPT før tilmelding blir sendt til oss. Rettleiinga bør vere strukturert og forventningar avklart (bruk eige skjema). Hugs samtykke frå føresette og eventuelt elev.

Utfallet av rettleiinga kan t.d. vere

- at det ikkje trengst vidare oppfølging frå PPT
- tiltak innanfor ordinær opplæring og enkel rettleiing frå PPT
- tiltak innanfor ordinær opplæring med meir omfattande rettleiing frå PPT. Ein skriv ein avtale om vidare rettleiing.
- saka meldast opp til PPT for vidare utgreiing

TILVISING OG SAKKUNNIG VURDERING

Det er eige skjema for ny tilvising og eitt for bruk når ein ber om ny sakkunnig vurdering.

Tilvising/ny sakkunnig vurdering skjer alltid i samråd med og etter samtykke frå foreldra. Barn over 7 år har rett til å uttale seg. For elevar over 12 år skal meininga deira tilleggjast stor vekt. Er eleven over 15 år er det nok med samtykke frå eleven. Er eleven over 15 år skal eleven (eventuelt også foreldra) skrive under på tilvisinga. Samtykke gis som underskrift på tilvisinga.

Det er laga eige skjema for samtykke til fritak for teieplikta, eitt til bruk i oppvekst-team og eitt til bruk i meir omfattande samarbeid med fleire etatar involvert.

Barnehagane og skulane finn relevante skjema på kommunen sin server (område K).

Når ei sak blir meldt til PPT og det er bedt om sakkunnig vurdering, vil PPT kartleggje og finne ut om barnet/eleven har behov for spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning. PPT kjem med ei tilråding for kva tiltak barnet/eleven treng (jfr Opplæringslova og Barnehagelov).

PPT har løpande dialog med dei føresette/eleven i utgreiingsprosessen. PPT sender den sakkunnige vurderinga til barnehagen eller skulen. Foreldra/eleven får kopi frå barnehagen/skulen.

VEDTAK/IOP/ÅRSRAPPORT

Barnehagen/skulen må innhente samtykke frå føresette (og eventuelt eleven dersom over 15 år) til at det blir gjort vedtak.

Barnehagen/skulen skriv enkeltvedtak og skulen utarbeidar IOP (individuell opplæringsplan) på bakgrunn av den sakkunnige vurderinga. Barnehagen utarbeider ein mål og tiltaksplan. Mål og tiltak blir evaluert i rapport som skal skrivast ein gang i året.

Alle elevar i skulen skal ha undervegsvurdering, også dei med spesialundervisning (jfr Forskrift til opplæringslova kap. 3).

Vedtak, IOP og årsrapport sendast til dei føresette. Kopi sendast til PPT.

11. RUTINAR

Rutinar finst på kommunen si nettside, eller på kommunen sin interne server, bl.a..

- Rutine før tilmelding til PPT
- Rutine for tilpassa opplæring og spesialundervisning
- Rutine for overgangen barnehage – skule
- Sosial kompetanseplan
- Rutine for minoritetsspråklege barn og elevar

Det blir også p.t. arbeid med ein eigen strategi for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Det er planlagt politisk handsaming hausten 2016.

12. PROGRAM, VERKTY, PROSJEKT

Barnehagane og skulane brukar ulike kartleggingsverky, program/prosjekt eller er i gang med prosjekt for utvikling på område der PPT også er involvert på ulike vis.

SOSIAL KOMPETANSE:

Være sammen – for barnehagane. Prosjekt 2013-2017 <http://www.vaeresammen.no/>

Zippys venner 1.-4. klasse. PPT har ansvar for nettverkssamlingar for dei lokale Zippy-ressurspersonane på kvar skule i kommunen.

http://www.godeforeldre.no/no/vare_tiltak/zippys_venner/hva_er_zippys_venner/

Trivselslederne <http://www.trivselsleder.no/no/HJEM/> Innført i 2015-16

Nokre av skulane brukar **Zero** http://laringsmiljosenteret.uis.no/vi_tilbyr/programmer/zero/

Psykologisk førstehjelp http://www.vfb.no/no/vi_tilbyr/psykologisk_forstehjelp/ brukast av barnehage og skule. Helsestasjon har også kurs.

PPT har kompetanse på fleire ulike verky for kartlegging og testing, m.a. CAS, ACFS, ulike språktestar (Reynell, Itpa, Trog.2, Celf-4) og lesetestar (Logos, Språk 6-16), Vineland II, Dynamisk kartlegging i matematikk m.fl.

PPT har også kompetanse på fleire ulike verky for førebygging:

ICDP	International Child Development Program (ICDP) er eit enkelt, helsefremjande og førebyggjande program for å styrkje omsorgskompetansen til dei føresette. Rettleiing av føresette i grupper. http://www.icdp.no/om-icdp
COS	Circle of security. Verktøy for å arbeide med tilknytning. Ein tilsett på PPT har saman med to frå barnevern og ein frå helsestasjon tatt

	<p>kurs i COS i 2013. Programmet kan brukast til rettleiing av foreldre i grupper eller individuelt.</p> <p>http://www.r-bup.no/CMS/cmspublish.nsf/doc/F13CC4C32BF601CAC12579810033DE0D</p>
Marte Meo	<p>"Marte Meo" er ein system- og ressursorientert metode brukt for å styrkje og utvikle samspelet mellom foreldre og barn. Video blir brukt som hjelpemiddel.</p> <p>http://www.martemeeo.no/</p>
Motiverande samtale (MI)	<p>MI er ein samtalemetodikk for å motivere til endring av åtferd.</p> <p>http://www.helsedirektoratet.no/psykisk-helse-og-rus/motiverende-samtale-mi/</p>
RePULSE	<p>RePulse er eit verkty barnehage/skule og andre som samtalar med barn/elevlar kan bruke, som kan hjelpe barn og elevlar å handtere kjensler, impulsar og måtar å tenkje på.</p> <p>www.repulse.se</p>
AKTØREN	<p>Aktøren er eit interaktivt undervisningsmateriale til barnetrinnet spesielt for elevlar med autismespekterforstyrrelse eller elevlar med liknande sosiale vanskar. Arbeidet med Aktøren skal styrke eleven sin grunnleggjande viten om følelsar og læring av ulike strategiar for meistring.</p> <p>http://dpf.dk/sites/default/files/aktoeren_brochure_2014_norsk_a4_print.pdf</p>

PROSJEKT

HAUGALANDSLØFTET: Interkommunal prosjekt saman med HSH, Statped og Korus Vest, der målet er inkludering i ordinær undervisning og mindre spesialundervisning. 2012-2017.

www.haugalandsloftet.no

«**Relasjonsbasert klasseleiing**» PPT er med som rettleiarar for Vinjar skule som er med i eit utviklingsprosjekt om relasjonsbasert klasseleiing. Prosjektet går over to år, frå 2015-2017. SePU (senter for praksisretta utdanningsforskning, Høgskulen i Hedmark) har overordna ansvar og er rettleiar for PPT. Erfjord skule har tidlegare gjennomført dette prosjektet.

«**Me bryr oss i Suldal**» («Barn i rusfamiliar») i regi av Korus Vest. PPT deltek aktivt i dette prosjektet saman med barnehagar, skular, helse, barnevern, nav og politi.

«**KLARE**» – interkommunalt nettverk for kompetanse på autismespekterdiagnosar. Rådmennene i dei ulike kommunane har skrive under på avtale om dette.

«**KLU**»: PPT er også deltakar i prosjektet «KLU» (Klasseleiing i utvikling) for Sand skule og Nesflaten skule 2016-2018.